

# Samarbeidsavtale mellom helse- og omsorgstenesta og Den offentlege tannhelsetenesta i ..... kommune

Målet er at bebuarane på sjukeheimane/institusjonane og brukarane i heimesjukepleia i Møre og Romsdal skal ha ei akseptabel oral helse:

- Ikkje ha smerter, ubehag eller alvorlege lidingar i munnen.
- Ha ein tilfredsstillande tyggefunksjon.
- Kunne kommunisere og ha sosial omgang utan problem som skuldast tennene.

## Helse- og omsorgstenesta sitt ansvar:

- Delta på årlege samarbeidsmøte mellom helse- og omsorgstenesta og tannhelsetenesta. Tannhelsetenesta kallar inn til møte og skriv referat.
- Informere brukarar som har rett på vederlagsfri tannhelseteneste om tilbodet, gjerne ved bruk av brosjyra «God tannhelse heile livet», og innhente informert samtykke til undersøking og behandling. Tilbodsbrevet/samtykkeerklæringa skal leverast til nærmaste offentlege tannklinikk.
- På førespurnad informere tannhelsetenesta om talet på registrerte brukarar med rett på vederlagsfri tannhelseteneste. Tannhelsetenesta skal og informerast om brukarar som er utskrivne eller har gått bort.
- Helse- og omsorgspersonell følger gjeldande tann- og munnstellprosedyrar og munnstellkort etter informasjon og rådgiving frå tannhelsetenesta.
- Etablere og kvalitetssikre eit system som gir hjelp til brukarar som ikkje klarer det daglege munnstellet sjølv (i heimen/på institusjon) på lik line med anna nødvendig stell. Brukaren sitt behov for hjelp til tann- og munnstell skal først elektronisk i tiltak/pleieplan og det skal merkast av for utført hjelp.
- Kjøpe inn nødvendig utstyr til tann- og munnstell på institusjonen. For brukarar i heimesjukepleia som har eit pleiebehov som omfattar munnstell, skal pleiar vere behjelpeleg med at nødvendig utstyr i tann og munnstell er tilgjengeleg.
- Helse- og omsorgspersonell følger gjeldande tann- og munnstellprosedyrar og munnstellkort etter informasjon og rådgiving frå tannhelsetenesta.
- Velje ut tannhelsekontakt etter kva som fell naturleg, det kan vere soneleiar/ avdelingsleiar/ fagkoordinator eller liknande. Denne har hovudansvar for kontakt med tannhelsesetenesta.

## Den offentlege tannhelsetenesta sitt ansvar:

- Kalle inn til samarbeidsmøte med eining/verksemdleiar, avdeling/sone/fagleiar, tannhelsekontaktar og ansvarleg leiar for helse- og omsorgstenesta i kommunen 1 gong pr. år. Tannhelsetenesta har ansvar for å avtale møtedato og for å skrive/sende møtereferat.
- Sørge for at registreringa av brukarar som har rett på dei vederlagsfrie tannhelsetenestene er ajourført. Dette bør gjerast to gonger pr. år.
- Ha gode rutinar for besøk på institusjonen jf. «Plan for besøk ved institusjonar for gruppe C1» gjeldande frå 1. januar 2021. Auke omsorgspersonalet sin kompetanse gjennom samhandling innan praktiske tannhelsetiltak, gi individuell opplæring, råd og hjelp tilpassa brukaren sitt hjelpebehov, også når det gjeld palliativt oral helse.
- Gi undersøking, råd og hjelp til brukaren i heimen saman med heimesjukepleia ved spesielle behov, og når brukaren ikkje er mobil.
- Gi tilbakemelding til helse- og omsorgstenesta om tannhelsa til brukaren ved institusjon og i heimesjukepleia (i heimesjukepleia gjeld dette berre personar som har hjelp til munnstell og som har gitt samtykke om tilbakemelding). Dersom det er behov for meir hjelp til tann- og munnstell, skal det gis individuell veiledning og opplæring etter gjeldande prosedyrar.
- Gi undervisning om grunnleggande oral helse til helse- og omsorgspersonell omlag kvart 2 år. Tannhelsetenesta skal føre deltakarliste, og gi tilbakemelding til tannhelsekontaktane. Når det ikkje er mogleg med fysisk oppmøte (restriksjonar som ved eks. covid-19) skal helse- og omsorgstenesta få oppfølging og informasjon gjennom telefonkontakt, digitalt som eks. gjennom teams, og bruk av el-læringsprogram. Behov for grunnleggande undervisning om oral helse skal vere tema på samarbeidsmøte.
- Sikre at brukaren får nødvendig førebygging og at undersøking og tannbehandling er i tråd med Helsedirektoratet sin «Rettleiar for god klinisk praksis i tannhelsetenesta» IS-1589

Dato: ..... Sign: .....

Leiar for helse- og omsorgstenesta

Dato: ..... Sign: .....

For tannhelsetenesta /klinikkleiar/overtannlege

